
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: onsdag 14. oktober 2020 13:06
Til: 'robin_osbourne@hotmail.com'
Emne: Vedr sammenføring av to bueiningar
Vedlegg: 439-6-bustad.pdf

Hei

Viser til innsendt krav om samanslåing av 2 bueiningar.

Då dette er eit eldre bustadhus har ikkje kommunen sakspapirer som viser kva type bygg dette er. Det har truleg vorte registrert ei ekstra bueining i samband med innføring av eigedomsskatten (2009), og seinare (i 2011) har det vorte registrert 2 adresser. Kommunen har difor ikkje grunnlag for å krevje søknad om samanslåing av brukseiningane – etter plan og bygningsslova.

Sletting av hybel vil føra til endra bygningstype i matrikkelen frå kode 112, einebustad m utleige til kode 111 einebustad.

Det vil også føra til omadressering ved sletting av bokstav-adresser til berre husnummer.

Eg ser at de er folkeregistrert på adressa 176A i dag, medan det eigentleg er hybelen som har den adressa i matrikkelen, og den største bueininga har 176B. Ved eventuell sletting av eine bueininga, må eg omadressere 176B til 176 og slette 176A, for at de skal verte rett «plassert» i folkeregisteret.

Før me utfører desse endringane / omadressering, skal me varsle om at slik omadressering vert gjort.

Dersom de gjer tilbakemelding på at de ikkje har merknad til adresseendringa, kan me utføra samanslåinga av 2 bueiningar til 1.

For ordens skuld legg eg ved matrikkelrapport som viser kva som er registrert om dette bygget i matrikkelen i dag.

Beste helsing

Anngunn Marie Gullbrå | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

